



Tore Samuelsen
Pb 50
5371 SKOGSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/404 - 23/4255

Saksbehandlar:
Ottar Myrtveit
ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:
10.05.2023

Melding om delegert vedtak - søknad om landingsløyve for helikopter på gbnr 10/26

Vi syner til søknad motteke den 08.05.2023

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 039/2023

Masfjorden kommune gjev Tore Samuelsen landingsløyve for helikopter ved skuleplassen på store Sleire gnr 10 bnr 26 i Masfjorden

Vilkår:

- Løyvet gjeld for tur og retur i perioden frå: **01.08 – 31.08.2023**
- Løyvet skal vere med i fartøyet under oppdraget.
- Masfjorden kommune skal ha melding om dei endelege datoane for flyginga og kva selskap som vert nytta når dette er fastsett. Grunngeving: Når det ikkje er mogeleg med anna transtport grunna vanskelege terrengtilhøve kan ein gje dispesasjon i enkelttilfeller.
- Flyselskapet skal varslast om vedtaket.

Heimel: . § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn

Tore Samuelsen søker om løyve til helikoptertransport på vegne av forvaltningslaget til Frøysetelva. Selskapet som vert nytta skal varslast og løyvet skal vera med i fartøyet.

Det vert søkt for tidsrommet 9-11-08.2023, men om det er ulageleg vær vart løyvet utvida til: **01.08 – 31.08. 2023**. Samla blir her mange hiv, men flyginga er kort og stort sett over vatn. Landinga vert på gnr 10 bnr 26, som er skuleplassen på Store Sleire. Det er gytegrus til fleire lokalitetar i Frøysetvassdraget. Dei to største gyteplassane kvar med 150 m³ er i utløpet på Sleirsvatnet og i utløpet på Langevatnet. All gytegrusen vert tilkjørt skuleplassen med lastebil.

2. Uttale

Søknaden må handsamast etter lov om motorferdsel i utmark § 6: "Når særlege grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven. Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemt tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen." Masfjorden kommune har brukt å gje løyve til helikoptertransport ved td.bygging av hytter/seterbu når avstandane er store, og det er vanskeleg med andre løysingar. Med dei mengder grus som skal plasserast i elva er her vanskeleg med andre alternativ enn helikopter.

I området er det ein del spesielle naturverdiar, raudlistearter og vilt, men det vert vurdert at omsøkt tiltak ikkje skal ha særleg negativ konsekvens. Ein har difor ikkje kjennskap til informasjon som tilseier at landing får uheldige konsekvensar for dyreliv og biologisk mangfald. Her er alt i dag flyging i området i samband med ma. linjetilsyn. Kommunen meiner difor at det føreligg ein særleg grunn, jf. § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Kommunen ynskjer attendemelding om endeleg flygedato og selskap.

3. Fakta

Søknaden kjem grunna ein søknad om fisketrapper og utlegg av gytegrus. Flyginga er berre for gytegrusen. Planen er utarbeida av Norce lfi og baserer seg på ein lang og grundig prosess med undersøkingar. Kart i denne søknaden syner plasseringa av gytegrusplassane. Alle etatar som Statsforvaltar, NVE, Vestland Fylkeskommune og Masfjorden kommune har fått søknaden til uttale og godkjenning.

4. Konklusjon

 Sjå vedtak.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Ottar Myrtveit
landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Tore Samuelsen

Pb 50

5371

SKOGSVÅG